



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/101469-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.06.2021

Uttale til søknad om nedlegging av dam Storavatn i Øygarden kommune i Vestland

Vi viser til brev frå NVE, dagsett 20.05.2021. Saka gjeld høyring av søknad om å legge ned dam, Storavatn i Øygarden kommune.

Tiltakshavar er A/S Sigba Eigedom, Newco Holding AS, Øygarden kommune og Omya Hustadmarmor AS.

Bakgrunnen for søknaden er at søkarane er pålagt vedlikehaldsansvar for dam Storavatnet. Dammen er ikkje i bruk og det vert difor søkt om å leggje den ned i tråd med vassressurslova § 41. Det er planlagt å rive hovuddam og sidedam. Det skal etablerast ein mellombels anleggsveg fram til sidedammen og denne skal fjernast etter utført nedlegging. Ei nedlegging vil senke vasstanden i magasinet med om lag sju meter.

Til denne saka uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg.

Uttale

Det er viktig at gjennomføringa av dette tiltaket ikkje kjem i konflikt med Sotrasambandet si gjennomføring av vegprosjektet. Kontrakt med leverandør skal signerast i laupet av hausten og arbeidet knytt til nedlegging av dammen må ikkje påverke framdrifta til leverandøren som vert vald.


Knarrvikatunellen med sikkeheitssone ligg tett opp til Storavatnet. Sikkeheitssona er vist i reguleringsplanen for Sotrasambandet. Rv. 555. Sjå utsnitt frå teikning 13-2 (tunnel) og teikning 13-2 (veganlegg på bakken).

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Utsnitt frå vedtatt reguleringsplan



Tilkomstvegen til det planlagde tiltaket er vist over sikkerheitssona. Det er ikkje vist til profiler for tilkomstalternativa, noko som bør ligge føre før saka vert handsama.

Tiltaket må avklarast i detalj med prosjektet Sotrasambandet dersom det er tenkt gjennomført på noverande tidspunkt. Dersom tiltaket skal prosjekterast og gjennomførast etter at leverandør er vald, må tiltaket gjennomførast i tett dialog med denne.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.